

FAU Alversund skule

5911 ALVERSUND

Lindås kommune

[postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)

29.11.2019

**Gjeld: Detaljplan Stølsmarka - Høyring og offentlig ettersyn – planID 1263-201607**

Alversund FAU har sett på planen over dei ulike innkjøringane til ny parkering ved utviding av skulen. Vi ynskjer å be dykk om å ta spesielt omsyn til at både Stølsmarka og Lyngmarka vil vera tilkomstveg for gåande og syklende born som skal gå til nye Alversund skule

Ved innkjøring til parkering frå Lyngmarka vil trafikken til Nordhordland Kristne Grunnskule koma lenger ned i byggjefeltet. Dette påverkar gåande/syklende born både frå Stølsmarka og frå Lyngmarka.

Me gjer dykk også merksame på at i Stølsmarka er det fortau, mens det ikkje er det i Lyngmarka. Ved at det er eit fortau vert dei mjuke trafikantane meir samla og vil være meir oversiktleg i forhold til køyrande. Krysset ved Stølsmarka opplevast som meir oversiktleg enn krysset i Lyngmarka, også med tanke på vikeplikt mot biler som kjem i Alvermarka (vegen). Dette kan tale til fordel for at innkjøring til parkering frå Stølsmarka er ei betre løysing enn lyngmarka.

Med venleg helsing



FAU Alversund v/leiar Sølvi Vetaas